

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/326

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
034/2023	Formannskapet	PS	31.10.2023

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 034/2023

#### FOR - behandling:

Formannskapsmøte og orienteringssaka har fokus på arbeid med budsjett og økonomiplan. Tenesteleiarane er med for å presentere si eining (presentasjonene vert sendt ut i etterkant av møtet). Økonomisjef vil presentere foreløpige prognoser på innkomne budsjettforslag frå leiarane sett opp i mot forventa inntekter. Innkomne framlegg til investeringar vil bli presentert.

Presentasjon frå einingane:

- Pleie- og omsorg v/ pleie- og omsorgsleiar Margrethe Kvamme;
  - Status og tal brukarar i tenesta
  - Tilsette i tenesta
  - Ansvar/oppgåver drift og utvikling
  - Forventa befolkningsvekst i Modalen blant eldre dei neste 20 åra
  - Utfordringar og prognoser for budsjett 2024.
- Modalen barnehage v/ styrar- og barnehagefagleg ansvarleg Gro Henny Mo;
  - Status for barnehageåret 2023/24
  - Satsingsområde og kompetanseutvikling
  - Temaprojekt Olav Nygard
  - Økonomisk prognose.

- Helseeininga v/ leiar og kommuneoverlege Grethe Fosse;
  - Status for tenestene og tilsette
  - Interkommunal legevakt
  - Auka i budsjett skuldast auke i løn, pensjon og auka driftsutgifter
  - "Nye" oppgåver og utvikling.
  
- Kundetorg, kultur, bryggjeslottet m.fl. v/ leiar Lin Tove Thomassen
  - Status for tenesteområda
  - Nærare om Bibliotek og Kultur
  - Utstyrsutlånsordning - BUA
  - Olav Nygard-året 2024.
  
- Mo skule, kulturskule og vaksenopplæring v/ rektor- og skulefagleg ansvarleg Jahn Olav Nordheim;
  - Aktivitet på Mo skule
  - Ansvar og oppgåver
  - Status elevtal og tilsette
  - Fokusområde i tenestområda og kompetanseutvikling
  - Investeringsbehov
  - utfordringar framover.
  
- Teknisk v/ Teknisk sjef Tone S. Skuggevik
  - Teneste- og ansvarsområde
  - Status tilsette
  - Mål for 2024
  - Fokusområde dei neste år.
  
- Sosial og barnevern og Næring v/ assisterande rådmann Tonje H. Aarland
  - Sjørfjorden barnevern
  - NAV Fensfjorden
  - Flyktningar
  - Status og utvikling
  
- Rådmann/sentraladministrasjonen v/ rådmann Jo Tømmerbakke
  - Status for ansvarsområda
  - IKT drift og utvikling
  - Kundetorg og kantine
  - Budsjett 2024
  
- Budsjett og økonomiplan 2024 - 2027 v/ økonomisjef Magne Verpelstad
  - Finansielle måltal - lokale handlingsreglar
  - Budsjett og økonomiplan
  - Statsbudsjettet 2024
    - Prognosen viser auke for Modalen på 6,5 % for skatt- og rammetilskot, og ei pris- og lønsvekst på 4,3 %
  - Eigedomsskatt 2015 - 2024
  - Framskriving av drift og salderingsbehov.
  
- Innkome framlegg til investeringar v/ teknisk sjef Tone S. Skuggevik

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering